



ISKALDT. - Eg frys, sa vinnaren av Geiranger Halvmaraton, Josphat Boit, etter innkomsten på toppen av Dalsnibba. Og kaldt var det sanneleg!
FOTOS: ATLE HOLE

854 på Dalsnibba i ruskevêr

Eit imponerende høgt tal med tanke på forholda. Regn stor sett heile tida, skodda over 700 meter, blytung grusveg mot Dalsnibba, der ein god vindtrekk og temperatur så vidt over null var ramma for kring 1000 påmelde.

HALVMARATON. Arrangementet i Geiranger har utvikla seg til å bli ei massemonstring av rang. Då startskotet small for minitonløparane ved Djupvasshytta, hadde 195 halvmaratonløparar alt vore i gang halvtimen. Med start frå sentrum kjempa Hans Martin Gjedrem ein einsam kamp mot Josphat Boit, Teklya Abraha Tekesete og Daniel Tadesse. Alt på fyrste meldepunkt hadde fjorårets NM-vinnar tapt nær minuttet til Boit som var ustopeleg. Med tida 1.29.19 vart sigersmarginen nær sju minutt, men Gjedrem sin løyperekord overlevde med ein margin på 22 sekund.

-Eit hardt løp. Og svært kaldt. Eg frys, sa vinnaren som òg fortalde han hadde sprunge solo frå fem kilometer og inn. Gjedrem var på det meste over to minutt bak Tekesete i kampen om andre plassen, men avslutta sterkt og kneip andre plassen like før mål. Nest beste nordmann vart Eivind Knutsen, Oddersjaa SSK, over tre minutt bak Hans Martin.

Lokal minitonvinnar. Også i kvinneklassa kom dei norske i andre rekkje. Her vann 21 år gamle Abeba Berhe Hailemariam frå Etiopia. Ho representerer no Molde-Olymp og løpet markerte debuten hennar i Geiranger. På det meste hadde ho tre minutt til gode på sin skarpaste konkurrent, Audhild Hestad frå Gaular IL, men tapte halve forspranget på blaut grusveg mot slutten. Vinnartida mellom kvinnene vart 1.53.03.

Men før maratonløparane nådde Dalsnibba, hadde minitonløparane fått sine fortente medaljar. Her vann idrettsallsidige Helge Kvam Karbø, Sunnly-

ven IL, med sikker margin. Vi merka oss at Gerda Bjåstad (81) i år hadde trappa ned til miniton, der for øvrig Erin Bendiksen, Ottadalen Sykkelklubb var raskaste jente.

Einsleg løyperekord. Nettopp Ottadalen Sykkelklubb markerer seg kvart år i Geiranger. Fyrst og fremst gjennom syklistar med Trønnes til etternamn. Laurdag tok slike heile fire klassesigrar og den einaste rekorden som vart sett. Hanne Trønnes vann kvinner elite på tida 1.18.37 – ein framifrå prestasjon under dei rådande forholda. Med denne tida var ho fem minutt raskare enn Borghild Løvset.

Beste kvinne i Sunnmørsposten sitt dekningsområde vart Tove Lersveen frå Stranda med 1.37.58, i eit ritt der heile 78 kvinner steig tett på 1500 høgdemeter på sykkelsetet.

Hervåg og Nevstad. Sykkelinteressa er tydelegvis enorm for tida. I Geiranger laurdag fullførde 386 menn Nibberittet – og

gledeleg, dei to beste tidsmessig var sunnmøringar. Sykkylvingen Alexander Hervåg bur no på Dal i Akershus og representerer Eidsvoll Sykkelklubb. Han er inne i sin fyrste sesong som senior, ein tung sesong hittil, i fylgje han sjølv:

-Eg har vore både sjuk og skada. I dag køyrde eg jamnt og hardt frå start. Ved Utsikten var alle vekk, så det vart stort sett eit sololøp. Neste helg starter NM i Trondheim. Etter planen køyrer eg alt som er, tempo-, gateritt og fellesstart, sa Hervåg.

Med tida 1.11.25 var Hervåg 2.40 minutt føre hardaste konkurrent, sisteårsjunioren Martin Notøy Nevstad frå Ulstein og omegn. Han kjempa ein drabeleg kamp om juniorsigeren med Elias Rød Husøy, Molde Cykleklubb.

Det var tøft på Dalsnibba laurdag. Ein ser sjeldan aktive utøvarar må ha hjelp av funksjonærar til påkledning. Det måtte fleire ha denne gongen, fordi dei fraus og fingrane ikkje ville lystre.

ATLE HOLE
sport@smp.no



HELGE SKUSETH
916 15 657
hs@smp.no



JARLE MORDAL
402 16 199
jm@smp.no



KARL PETTER LØVOLL
900 27 211
kpl@smp.no



EIRIK HJELVIK
952 07 647
eh@smp.no



VANT. Sykkylvingen Alexander Hervåg var suverent raskaste syklist opp tilk toppen av Dalsnibba. Og då er det lov å vere sliten.



TØFT. Sjølv for minitonløparane vart det tøffe tak laurdag. Her er det vinnaren Helge Kvam Karbø frå Sunnlyven IL som dreg feltet.